

---

Saksnr: 2021/2254-2  
Saksbehandlar: Ida-Beate Mølmesdal

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		02.03.2021

Prosesssak - Regional plan for klima

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til at planen sine hovudinnsatsområde er klimaomstilling ved å redusere klimagassutsleppa, klimatilpasse samfunnet og å ivareta naturmangfaldet i Vestland.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til at vi i det vidare arbeidet fokuserer på utsleppsreduksjon ved å:
  - 1) redusere klimafotavtrykket til Vestland
  - 2) redusere direkte klimagassutslepp til null innan 2030
3. Det vidare arbeidet tek utgangspunkt i den førebelse tematiske inndelinga;
  - Fjerne direkte utslepp frå Vestland
  - Redusere klimafotavtrykket til Vestland
  - Trygt og robust Vestland
  - Klimarettferd
  - Ivareta naturverdiane i Vestland
  - Berekraftig samfunnsutvikling

Samandrag

Arbeidet med å utarbeide ein regional plan for klima er starta opp. Som fyrste del av arbeidet er det naudsynt med nokre avklaringar knytt til kva vi meiner med klimaomstilling, og korleis vi kan jobbe med utsleppsreduksjon. I tillegg er det ønskjeleg å få føringar frå fylkesutvalet på den førebelse tematiske inndelinga av tema. Planarbeidet tek utgangspunkt i føringar gitt i utviklingsplanen. Dette er eit notat som legg grunnlaget for drøftingar i fylkesutvalet for å gi retningsgivande og strategiske føringar og rammer for planarbeidet. Planprogrammet for planen er planlagt lagt ut til offentleg ettersyn i møtet til fylkesutvalet 20.04.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Paal Fosdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Saksutgreiing**

## Fylkesutval som prosessorgan

I møtet 29.09.2020 vedtok Fylkestinget at planutvalet skulle leggjast ned, og at fylkesutvalet skulle overta rolla til planutvalet (PS 111/2020). Oppgåver som låg til planutvalet som prosessorgan var:

- Skape politisk forankring og sikre at heilskapsomsynet vert ivareteke gjennom regionale planar.
- Gje retningsgjevande og strategiske føringar til planarbeidet.

Fylkesrådmannen legg fram denne saka for å ivareta føringane omtala over. Denne saka er fyrste politiske sak knytt til arbeidet med klimaplanen.

## Bakgrunn for saka


I Mål 2 i Utviklingsplan for Vestland, er det bestemt at klima og miljø er premis for samfunnsutviklinga. Strategien for å nå dette målet er mellom anna at vi skal vere pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. I tillegg skal vi sikre og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, og å bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp. Det er såleis sett høge ambisjonar på dette området. I utviklingsplanen er det lagt opp til utarbeiding av ein regional plan for klima skulle startast opp i 2020. Planen vil erstatte dei to gjeldande planane innan klima i dei geografiske områda Sogn og Fjordane og Hordaland.

Klimaplan for Vestland blir eit vegkart for korleis vi skal nå dei regionale klimamål og medverke til Norge sine internasjonale forpliktingar på klimafeltet. Planen skal mobilisere til handling og eit auka tempo i klimaomstillinga.

Utviklingsplanen sitt mål 2 signaliserer eit Vestland som ønskjer å bidra i eit taktskifte, og eit taktskifte som både reduserer klimagassutsleppa i ein ambisiøs tempo, reduserer klimarisikoen, samt tek i vare livsgrunnlaget vårt naturen og artsmangfaldet. Klima og miljø-arbeidet heng slik saman med alle ansvarsområde i fylkeskommunen, og all aktivitet i Vestland.



## Kvar er vi i planprosessen?



Figuren syner framdrifta for heile planprosessen. Vi er no i starten av arbeidet med av utarbeiding av planprogram. Utkast til planprogram vert etter planen lagt fram for fylkesutvalet, og lagt på høring og offentleg ettersyn i møtet 20. april 2021.

Det viktige no er å fokusere på rammene for utforming av planprogrammet, altså «planen» for planarbeidet. Drøftingspunkt 1, 2 og 3 vil legge rammene for kva som skal inkluderast som hovudsatsingsområde i planen.

### Info

Krav om planprogram gjeld for alle regionale planar etter PBL (§ 4-1). Som eit minimum skal planprogrammet gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegg for medverknad. Eit planprogram er ei «oppskrift» eller «plan» for planlegginga, både på innhald og prosess.

## Viktige premiss for planprosessen

<b>«Djupast sett handlar det om folk»<sup>1</sup> (samfunnsoppdraget)</b>	Planen handlar om å utvikle det gode liv i Vestland for innbyggjarane, der også dyre- og plantelivet på land og i sjø har det bra. Nullutsleppsinnbyggjaren er i fokus. Dette er ikkje ein plan kun for å løyse klimautfordringane, det er berekraftig samfunnsutvikling i Vestland vi jobbar for. Gode medverknadsprosessar vil vere viktig.
<b>FN sine berekraftsmål</b>	Hovudfokuset vil ligge på <u>miljømessig berekraft</u> , men alle dimensjonar av berekraft er relevante for planprosessen
<b>Utviklingsplan for Vestland</b>	Hovudfokuset vil ligge i å <u>legge klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga</u> i Vestland (mål 2), men alle mål er relevante for planprosessen
<b>Klarspråk og formidling</b>	Det skal nyttast klart språk i dokument og nettsider i planprosessen
<b>Klimagassutslepp</b>	Planprosessen skal ha eit bevisst forhold til klimafotavtrykket sitt.
<b>Verdi: Kompetent</b>	Planprosessen, plandokument og tiltak skal vere kunnskapsbasert og vi skal legge «føre var»-prinsippet til grunn for arbeidet.
<b>Verdi: Open</b>	Vi skal vere open for at det er ulike meiningar om løysinga av på klimakrisa, samt dei dilemma vi må løyse for å lukkast.
<b>Verdi: Modig</b>	Vi skal vere modige nok til å ta dei diskusjonane, samt setje i verk tiltak for å lukkast.

## Relevant informasjon

Klimagassutsleppa i Vestland går nedover


Miljødirektoratet publiserte 25. januar 2021 oppdatert klimagassrekneskap for kommunar og fylker i Noreg<sup>2</sup>. Utsleppsrekneskapen syner utslepp frå dei tre klimagassane CO<sub>2</sub>, metan (CH<sub>4</sub>) og lystgass (N<sub>2</sub>O) fordelt på ni sektorar, innanfor gjeldande kommune- og fylkesgrenser. Utsleppa i Vestland går ned, og klimagassutsleppa i 2019 var på 6,686 407 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Dette er ein nedgang på 6,5 % frå 2018. Vi lukkast ikkje med å nå utsleppsmåla for 2020, som var eit utsleppskutt på 30 % nasjonalt og i Sogn og Fjordane, og 22 % i Hordaland<sup>3</sup>. Utsleppa går

<sup>1</sup> <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/fylkeskommunen/verdi-visjon-og-samfunnsoppdrag/>

<sup>2</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=1050&sector=-2>

<sup>3</sup> Gjeldande nasjonale mål, og mål for utsleppskutt i gjeldande klimaplanar for Sogn og Fjordane og Hordaland


nedover, og Vestland har fleire viktige tiltak og prosjekt som har bidrege til utsléppskutt, spesielt innan samferdslesektoren. Men, omstillingstakten må auke. om vi skal nå måla i utviklingsplanen.



Figur 1: Sektorfordelte klimagassutslépp i Vestland

Nasjonale klimaplan for 2021-2030 er lagt fram


8. januar presenterte regjeringa klimaplan for 2021-2030 som melding til Stortinget<sup>4</sup>. Meldinga presenterer politikken til regjeringa for å redusere klimagassutsléppa fram til 2030, som er i tråd med Noreg sine klimamål, og mål knytt til samarbeidet med EU. Planen inneheld politikk for å redusere både dei kvotepliktige og dei ikkje-kvotepliktige utsléppa, samt politikk for å redusere utslépp frå skog og anna arealbruk. Fylkesordføraren presenterte innspel til stortingsmeldinga under høyringa i energi- og miljøkomiteen til Stortinget 2. februar.



### Spørjeundersøking

Vi har gjennomført to spørjeundersøkingar i samband med klimaplanarbeidet. Den fyrste var retta mot kommunane for å kartlagt kommunane sine planer på klimafeltet, kva klimamål dei hadde sett seg i planverk, om dei skal lage ny klimaplan, samt kva dei ynskjer rettleiing på frå fylkeskommunen og statsforvaltaren.

Det pågår også ei enkel og meir uformell undersøking om kva tema innbyggjarane meiner er viktige for utarbeiding av ein ny klimaplan. Førrelse resultat er presenterte i figur 2. Undersøkinga kan de finne [her](#). Funna her samsvarar godt med det vi har vurdert som aktuelle tema.



Figur 2 Førrelse resultat frå pågåande undersøking

<sup>4</sup> Meld. St. 13 (2020-2021) Klimaplan for 2021-2030

## Naudsynte avklaringar for arbeidet vidare

### Omgrepsavklaring

Det er viktig å ha ei felles forståing av kva vi legg i ulike omgrep. I dette notatet ynskjer vi spesielt å drøfte forståinga og rammene for omgrepa; **klimaomstilling**, og **nullutslepp innan 2030**.

Klimaplanen bør bidra til å harmonisere omgrepsbruken på klimafeltet internt, på tvers av sektorar, samt i Vestlandssamfunnet. Dette for å sikre at tiltaka vi vel å gjennomføre samsvarar med dei politiske vedtaka som er gjort, og vil bli gjort, og at tiltaka bidreg til faktisk måloppnåing.

Det er naudsynt å presisere at forståinga av omgrepa kan bli justerte basert på høyringsinnspel, resultat av medverknadsprosessen, og politisk handsaming. Forståing av omgrepa bør samsvare med forståinga til andre forvaltingsnivå og samfunnsområde.

### Klimaomstilling

Klimaomstilling er ein omstillingsprosess i samfunnet for å bli eit låg- eller nullutsleppssamfunn. Utviklingsplanen skildrar dette som ei omstilling av samfunnet der utvikling og vekst skjer innafor tolegrensene til naturen (s.23). Omgrepet vert forstått ulikt, og det er difor naudsynt å definere dette tidleg i planprosessen.

Utgangspunktet for det vidare arbeidet baserer seg på at klimaomstilling er ei **samfunnsending** der vi både **reduserer klimagassutsleppa** til Vestlandssamfunnet, samt **klimatilpassar** oss til dagens og framtida sitt klima. Omstillingsprosessen gjeld heile Vestlandssamfunnet; innbyggjarar, næringsliv, kommunar og fylkeskommunen. Ein del av arbeidet med redusert klimagassutslepp er å ha eit fokus på karbonbinding, både gjennom opptak og lagring i skog og jord, samt utarbeiding av ny teknologi. Nye tiltak må sjåast i samanheng for å lukkast med ei berekraftig utvikling.



Figur 3: Hovudområda i klimaomstilling

Klimaendringane er også ein av dei største truslane mot naturmangfaldet i verda, då dei medfører endra levevilkår for dyr og planter, og påverkar samspelet i naturen. Sårbare artar og økosystem står i fare for å forsvinne, og dette påverkar livsgrunnlaget vårt. Den samla belastninga av klimaendringar og menneskeleg aktivitet, som fysiske inngrep og arealendringar, bidreg i negativ retning for naturmangfaldet. Klima og miljø skal vere premisse for samfunnsutviklinga i Vestland, og i arbeidet med klimaplanen vil vi sjå på korleis vi kan styrke integrasjonen mellom klima og natur. Klimaendringar og naturmangfald må sjåast i samanheng, m.a. fordi velfungerande økosystem er viktig for å nå klimamåla<sup>5</sup>. Dette gjeld både ved at naturen kan ta opp og lagre karbon, men også ved at naturen kan dempe verknadane av klimaendringar som m.a. flaum og skred (naturbaserte løysingar for klimatilpassing).

Hovudområda i klimaomstilling (figur 3) svarer også på det som så langt har komme fram i undersøkinga om viktige tema for Vestlandssamfunnet, vist i figur 2.

### Drøftingspunkt 1

Vi jobbar med klimaomstilling ved å redusere klimagassutsleppa, klimatilpasse samfunnet og å ivareta naturmangfaldet i Vestland.

Sluttar fylkesutvalet seg til dette utgangspunktet?

### Korleis redusere klimagassutslepp?

I det vidare arbeidet med å redusere klimagassutslepp i Vestland føreslår vi å dele i to typar utsleppskutt; 1) klimafotavtrykk og, 2) direkte utslepp innanfor geografiske grenser. Dette er inndeling som treng grundig gjennomgang og diskusjon på sikt, men hovudinndelinga ynskjer vi å drøfte i dette møtet. Dette er også relevant for å sikre logiske systemgrenser for utarbeiding av klimabudsjett internt i fylkeskommunen, samt klimabudsjett for det geografiske området vestland. Det er både komplisert og krevjande å rapportere på alle klimagassutslepp vi er skuld i. I eit forsøk

<sup>5</sup> Miljøstatus - Miljødirektoratet

på å både følgje opp strategi 2.1 i utviklingsplanen og etablere gode system for rapportering gjer vi følgjande deling:

#### «Reduserer klimafotavtrykket»

I arbeidet med ei klimaomstilling av Vestlandssamfunnet vert det naudsynt å redusere klimafotavtrykket. Dette er total mengde klimagassar, direkte og indirekte, som vert sleppt ut på grunn av menneskeleg aktivitet (målt i CO<sub>2</sub>-ekvivalentar). Alle utslepp vi er skuld i både i eige geografiske område og andre stader i verda (inkluderer til dømes utsleppa knytt til produksjonen og transporten av varer vi kjøper). Vestland sitt klimafotavtrykk er langt større enn dei direkte klimagassutsleppa frå regionen, og dei er samstundes vanskelegare å gi nøyaktige tal på. Slik vi forstår utviklingsplanen er det ikkje talfesta mål for reduksjon på dette området, og dette vil difor måtte definerast i klimaplanarbeidet.



#### «Nullutslepp innan 2030»

Utviklingsplanen sin strategi 2.1 slår fast at Vestland skal vere pådrivar for nullutslepp innan 2030. Det er ikkje definert kva type klimagassutslepp som inngår i nullutsleppsmålet. Dette er naudsynt både for å kunne definere mål, prioritere tiltak, økonomiske verkemiddel, samt å rapportere på måloppnåing.



Utgangspunktet for det vidare arbeidet vil vere at nullutsleppsmålet gjeld direkte utslepp i Vestland. Dei direkte utsleppa i Vestland omfattar då all aktivitet i det geografiske området, både frå kvotepliktig og ikkje-kvotepliktig sektor, som samsvarar med statistikken som vert presentert på nasjonalt hald (frå Miljødirektoratet og SSB). Det er naudsynt å vidare diskutere definisjonar av «nullutslepp» og «klimanøytralitet», og korleis Vestland forhold seg til opptak av CO<sub>2</sub> og kjøp av klimakvotar, samt klimagassutslepp frå jordbruket.

#### Drøftingspunkt 2

Planen fokuserer på utsleppskutt ved å;

- 1) redusere klimafotavtrykket til Vestland, og
- 2) redusere direkte klimagassutslepp til null innan 2030

#### Førebels tematisk inndeling

Skjemaet under tek utgangspunkt i klimaomstilling som ei samfunnsending, der vi skal ta omsyn til dei tre dimensjonane av berekraft; miljømessig-, sosial- og økonomisk berekraft. Samstundes arbeider vi ut frå dei fire måla i Utviklingsplanen og FN sine 17 berekraftsmål. Vi foreslår per no ei tematisk grovdeling:

Tema	Kort skildring	Mål / strategi i utviklingsplanen
Fjerne direkte utslepp frå Vestland	Nullutsleppsmålet for 2030 (sjå eige avsnitt). Her vil det komme ulike underkategorier, eks. landbruk, transport, forbruk, grøn næringsutvikling m.m.	Mål 2: 2.1
Redusere klimafotavtrykket til Vestland	Klimapåverknaden skal reduserast så mykje som mogeleg, og så fort som mogeleg. Dette gjeld også for tema ovanfor, men inkludert indirekte utslepp.	Mål 2: 2.1
Trygt og robust Vestland	Klimatilpassing av samfunnet og redusere klimarisikoen	Mål 2: 2.2
Klimarettferd	Sosial berekraft og rettferdig fordeling av goder og ulemper. Konsekvensar av klimatiltak, lokalt og internasjonalt. Her vil vi m.a. knyte funn i folkehelseoversikta til temaet.	Mål 3 og 4
Ivareta naturverdiane i Vestland	Sikre naturmangfaldet i Vestland. Redusere konsekvensane av klimaendingar og arealbruksendingar som er i strid med mål 2	Mål 2: 2.2
Berekraftig samfunnsutvikling	Nullutsleppsinbyggjaren i fokus. Vi utviklar nullutsleppssamfunnet som er den beste staden å leve, jobbe og bu.	Mål 1, 2, 3, 4

Vi vil arbeide vidare med tematisk inndeling til planprogrammet, basert på utsleppstatistikk, klimaprofilar og tilbakemeldingane frå fylkesutvalet.

### Drøftingpunkt 3

Det vidare arbeidet tek utgangspunkt i den førebelse tematiske inndelingane;

- Fjerne direkte utslepp frå Vestland
- Redusere klimafotavtrykket til Vestland
- Trygt og robust Vestland
- Klimarettferd
- Ivareta naturverdiane i Vestland
- Berekraftig samfunnsutvikling

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har prosessrolla til planutvalet, jf. vedtak i fylkestinget (PS 111/2020).

### Vurderingar og verknader

<b>Økonomi</b>	Ikkje relevant for denne fasen av arbeidet.
<b>Klima</b>	Framtidige vedtak vil bidra til at ambisiøse klimamål i Vestland bli nådd.
<b>Folkehelse</b>	Utarbeiding av planutkast inkluderer folkehelseomsyn gjennom å fokusere på sosial berekraft og klimarettferd. Resultat frå folkehelseoversikta i Vestland vil danne noko av kunnskapsgrunnlaget.
<b>Utviklingsplan for Vestland</b>	Planen skal ta omsyn til måla i utviklingsplanen, med eit spesielt fokus på mål 2; klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga.

### Konklusjon

Saka er tenkt å gi fylkesrådmannen vidare retning på arbeidet med planprogrammet for klimaplanen. Det vert lagt opp til at hovudinnsatsområde innan klimaomstilling er å redusere klimagassutsleppa, klimatilpasse samfunnet og å ivareta naturmangfaldet i Vestland. Når det gjeld vidare arbeid innan utsleppsreduksjon er fokuset å redusere klimafotavtrykket til Vestland, og redusere direkte klimagassutslepp til null innan 2030.

I det vidare arbeidet med planen vert det teke utgangspunkt i den førebelse tematiske inndelingane; Fjerne direkte utslepp frå Vestland, Redusere klimafotavtrykket til Vestland, Trygt og robust Vestland, Klimarettferd, Ivareta naturverdiane i Vestland, og Berekraftig samfunnsutvikling.